

Bok på 1-2-3



Kanskje, kanskje?

Av Erna Osland og Victoria Sandøy

Tverrfagleg undervisningsopplegg for barnetrinnet 1.–4. i norsk, naturfag og samfunnsfag. Livsmeistring, kunnskap om ulike kulturar og digital kompetanse er vektlagt.

Tid: 90 minutt

Utdrag s. 3–15 + s. 58–63

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektør. Finne fram utdraget av boka.
- Utstyr til aktivitet: iPad med appen Clips.

Om boka

Kritikarroste Erna Osland har skrive ei bok der skjønnlitteratur og sakprosa går hand i hand. Ho fortel om tannfelling og trøyst og den fine og magiske fellesskapen som kan vere mellom barn og vaksne i tannfellingsprosessen. Boka er nydeleg og dyktig illustrert av Victoria Sandøy. Illustrasjonane hennar er oppfinnsame og fargerike, og ho bygger godt opp den karakteristiske fagboka til Osland.

I boka møter vi Edith som har ei laus tann. Pappa vil knipse ho ut for å gi ho til tannmusa. Men bestevenninna Eva gav si tann til tannfea, og Miko berre kasta tanna si rett opp i lufta! Edith veit ikkje heilt kva ho skal gjere. Så mister ho tanna – kva skjer då?

Kanskje, kanskje? er ei undrande bok om det å miste tenner og kva ein har gjort med tennene opp gjennom tidene i ulike kulturar. Ho tek også føre seg det å bli større. Tannfellingsskikkar gjer barn til viktige og flittige berarar av kultur, tradisjon og folkedikting.

Formål

Norsk etter 4. trinn

- Gi uttrykk for eigne tankar og opplevingar om barne-litteratur. Uttrykke tankar om språk, personar og handlingar i skjønnlitterære tekstar frå ulike tider og kulturar.

Naturfag etter 4. trinn

- Undre seg, stille spørsmål og lage hypotesar og utforske dei for å finne svar
- Bruke tabellar og figurar til å organisere data, lage forklaringar baserte på data og presentere funn

Samfunnsfag etter 4. trinn

- Skape og illustrere forteljingar om menneske som lever under ulike vilkår, og samanlikne vilkår.



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

1 Før lesing

(5 minutt)

Samtale om framsida på boka

- Sjå på framsida. Kva er tittelen på boka? Kva trur du ho handlar om? Kven er forfattaren av boka, og kven er illustratøren? Kva er ein illustratør?
- Forklar at dette er ei bok der skjønnlitteratur og sakprosa går hand i hand. Forklar omgrepa og lese måten.
- Kven er i forgrunnen av boka? Kva gjer jenta? Korleis ser ansiktet hennar ut?
- Kven ser du til venstre og høgre på framsida? Kven og kva er i bakgrunnen på framsida?
- Kva kjensler får du av å sjå denne framsida? Kvifor får du dei kjenslene, trur du?

2 Lesing

(20 minutt)

Les utdraget for klassen, og vis det samstundes på smarttavle. Legg vekt på at dette er ei skjønnlitterær bok og ei sakprosa bok.



3 Etter lesing

(10 minutt)

Snakk saman

- Kva kan de fortelje om Edith?
- Kva land er pappaen og mammaa til Edith frå?
- Kva er ein rite?
- Kva er ei mjølketann og kva er ei varig tann?
- Kva ulike land og tannfellingskulturar har de lese om i dette utdraget?
- Kva overraska deg mest ved det vi har lese og lært om no?
- Informer, forklar og drøft at tannfellingsskikkar gjer barn til viktige og flittige berarar av kultur, tradisjon og folkedikting

4 Aktivitet

(45 minutt + prosjekt)

Lag ein film i Clips der elevane spør og svarer, klipper og redigerer. Saman eller i grupper.

- Fortel fakta om tannfelling (setningar med «visste du at» og fakta frå side 60–61).
- Kartlegg dei ulike tannfekulturane som er i klassen (land og tannfeer).
- Fortel di første eller mest spesielle tannfellings- og tannfehistorie.
- Fortel korleis du opplever omsorg, kjærleik og trøyst i tannfellinga.
- Ha filmpremiere og del med føresette!

